

SØKNAD OM STØTTE TIL LANDBRUKSDAGEN I AUSTRHEIM

Vi vil søkja støtte til Landbruksdagen i Austrheim 2016.

Dette arrangementet går av stabelen 1 oktober 2016 - og det er den 9. Landbruksdagen i rekka.

Dette er no vorte staden der me får syna fram landbruket i Nordhordaland, og er eit samarbeid mellom bondelaga/ saualslaga i nordhordalandskommunane Landbruksdagen i Austrheim rommar kåringssjå av verlam til bruk i avl, og i 2015 vart det framstilt nær 300 verar til kåring frå Austrheim, Radøy, Lindås og Meland. Dette kåringssjået vart sagt å vera eit av dei tre største i Noreg.

Avlsarbeid er svært viktig å få kunnskap om for unge som er interesserte i ei framtid innan landbruket.

Ved arrangementet i fjor var det ca 2000 besøkjande, og ein stor del av desse var barn og unge.

Arrangementet har preg av eit familiearrangement, og vi legg stor vekt på å engasjera born og unge som besøkjer Landbruksdagen. Vi legg vekt på å gje alle besøkjande ei oppleveling, og heldt hardt på prinsippet om at arrangementet skal ha ein lågkommersiell profil.

I 2014 vil vi prøva å få til ei litt større utstilling av smådyr, så som høns, kaniner, smågrisar og liknande, slik at småborna kan få ei god oppleveling med nærbонтakt med ulike dyreslag.

Landbruksdagen ser det som viktig å formidla kunnskap om lokale mattradisjonar og utnytting av råvareressursane våre til dei som veks opp i dag.

Vi engasjerer mange unge i avviklinga av arrangementet og mange deltek aktivt både før, under og etter arrangementet. Dette er viktig for å rekruttera unge til organisasjonslivet generelt og til og landbruket spesielt.

Av konkrete tiltak på sjølve Landbruksdagen 2016 kan vi nemna :

- Kortreist mat - fokus på lokale mattradisjonar. Tilbereding av lokal hjort/lam, og demonstrasjon av separering av mjølk
- Dyreutstilling, smådyr og produksjonsdyr
- Hesteriding
- Saueklipping
- Trøotraktor med diplomutdeling
- Quiz, div. spel og lotteri, hesteskokasting
- Aktivitetar for born i regi av ulike utstillarar

- Sløydaktivitetar
- Mjølkespannhalding for alle aldersgrupper
- Traktor- og maskinutstilling
- Demonstrasjonar av gamle reiskapar
- + Ev. nye tiltak som arbeidsgruppa kjem fram til undervegs.

Utgiftene knyter seg i hovudsak til innkjøp av ingrediensar til lammeslakt til skulane, Alle born, unge, familiar, unge og gamle vaksne som vil møtast til ei hyggeleg oppleving på ein heilt vanleg laurdag.

Arrangementet legg opp til å vera eit lågkommersielt tilbod for alle, der ein mest mogeleg kan ta del i aktivitetane gratis. Vi ser det som viktig at borna og unge kan få sjå og oppleva kontakten med dyr, og ha gode opplevelingar knytta til landbruksrelaterte aktivitetar. Også i år har vi særleg fokus på lokal mat og vi vil prøva å formidla kunnskap om dette via skulane slik at dei unge kan læra kor maten kjem i frå og korleis ein kan utnytta ressursane både til tradisjonsmat og til moderne matrettar. transport av dyr, før og strø til dyra, kjøp av ulykkesforsikring , innkjøp av trøtraktorar som vert trekte og utdelte på slutten av dagen, trykking av diplomar og premiar på konkurransar.

Eg vil med dette søkja om kroner 7500,- i støtte til arrangementet.

Utan dykker positive innstilling til å støtta denne dagen vil det vere vanskeleg å gjennomføre den i noverande form.

Taule 28.08.2016
For Radøy Sau og Geit
Kåre Hole